



Leiketun Barnehage AS  
Leiketun Barnehage AS Holtermandsvegen 2B  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2807 - 19/5714

Saksbehandlar:  
Mette Marei Træland  
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:  
29.03.2019

## Vedtak om kommunalt tilskot for 2019

Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er regulert i Barnehageloven §14 og forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar §1, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotet for 2019.

Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagane.

*Orientering i saka: kommune har motteke klage på dei vedtekne satsane for 2019. Klagen er sendt av Private barnehagers landsforbund. Klagen vil verte handsama i kommunestyret 15.mai.*

«Meland kommune har gjort vedtak om tilskot til drift og kapital på kr 11.509.775 til Leiketun barnehage A/S for 2019.

Av denne summen utgjer 815.733 kr kapitaltilskot, og tilskot til pedagogisk bemanning 140.312 kr.

Berekning av drifts- og kapitaltilskot er gjort slik:

- 1) Tilskot pr omrekna heildagsplass.

Små barn (0-2 år)	Kr. 185 445
Store barn (3-5 år)	Kr. 86 856
Kapitaltilskot	Kr. 9 500
Ped bemanning ( 0-2 år)	Kr. 2 276
Ped bemanning ( 3-6 år)	Kr. 1 264

2) Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet:

	Frå årsmeldinga 15.des 2018
Små barn (0-2 år)	31,4
Store barn (3-5 år)	54,5
Sum	85,9

c. Tilskot for 2019 vert basert på nøkkeltala over.

Barnehageeigar kan klage til Fylkesmannen over Meland kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jfr forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Meland kommune, jfr forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jfr forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Barnehagar som i løpet av året mottek høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommunen måtte tilbakebetale tilskot, jfr forskrift om tilskudd til private barnehager §13 Vi gjer og merksam på at Meland kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jfr forvaltningslova § 35,femte ledd.

Med helsing

Martin W. Kulild  
Rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Berekning tilskotssatsar 2019 basert på rekneskap 2017

**Mottakere:**

Leiketun Barnehage AS

Leiketun                    5918  
Barnehage AS  
Holtermandsvegen  
2B

FREKHAUG